



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Rune Johan Mikkelsen, 5557 2181

Vår dato
20.04.2018
Dykkar dato

Vår referanse
2018/3815 530
Dykkar referanse

Alle kommunane i Hordaland

Kontrolloppgåvene innan skogbruket i 2018

Fylkesmannen i Hordaland ber alle kommunane om å utføre kontrolloppgåvene innan skogbruket i 2018.

Resultatkartlegging (kontroll) for miljø og skogbrukstiltak 2018

Felt som skal kartleggast ligg i WebSkas på same måte som tidlegare år. Oversyn over felt kan lastast ned via rapport *01, felter, resultatkontroll foryngelse*, under kontrollrapportene i ØKS. Kartlegginga skal skje på 3 år gamle hogstfelt. Sjå vedlegg for detaljert informasjon om kartlegginga (kontrollen).

Foryngingskontroll 2018

Kontrollen er «risikobasert» og består av skogeigarar som har avvik mellom registrert hogst av gran i 2015 og planting. Lister over aktuelle eigedomar som skal kontrollerast ligg klare i ØKS. Sjå vedlegg for detaljert informasjon om kontrollen.

Kontroll av minst 10% utførte skogkulturtiltak med tilskot

Alle kommunane må kontrollere minst 10 % av utbetalingane om tilskot til skogkultur (NMSK). Ved handsaming av tilskot til skogkultur skal kommunen ut å kontrollere at minst 10 % av tiltaka er utførte i samsvar med søknaden. Ved registrering av refusjonskravet i WebSkas må kommunen fyller ut skjermbilete for utført kontroll.

Kommunale retningslinjer for NMSK (skogkultur)

Alle kommunane må til ein kvar tid ha gjeldande retningslinjer for bruk av NMSK-midlane. Fylkesmannen tildeler ikkje NMSK midlar til kommunar utan gjeldande retningslinjer med tilskotssatsar.

Frist

Frist for kontrolloppgåvene er - som tidlegare år - satt til **31. desember 2018**. Kommunar som ikkje utførar nemnde oppgåver får ikkje tildelt NMSK-midlar neste år.

Med helsing

Dirk Kohlmann
ass. landbruksdirektør

Rune Johan Mikkelsen
fylkesskogmeister

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.